


Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden

Vedlegg 2: Status for istandsetjing av bygningar i
verdsarvområdet



Innhald

Status for istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet.....	3
1. Ferdigstilte restaureringsprosjekt som er prioritert i planen	3
2. Starta men ikkje ferdigstilte restaureringsprosjekt som er prioritert i planen	3
3. Prosjekt som har fått midlar men som ikkje er starta opp.....	4
4. Prosjekt som har fått midlar men som ikkje vert gjennomført.....	4
5. Prosjekt som ikkje er omtala i den opphavlege planen men har fått tilskot	5

Status for istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet

Eit av fylkeskommunen sine viktigaste verktøy til å nå måla i restaureringsplanen er tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven. Kvart år kan eigarar av kulturminne i verdsarvområdet søke Vestland fylkeskommune om tilskot til istandsetjing av sine kulturminne frå denne tilskotsordninga. Fylkeskommunen sender så ein felles søknad for verdsarvområdet til Riksantikvaren og får så ei økonomisk ramme som vert fordelt ut i frå søknadane til eigarane av kulturminne. Nedanfor er ei oversikt over status på istandsetjingar for bygningar i verdsarvområdet i tida 2014 - 2021 som har fått tilskot frå post 79. Alle tildelingane baserer seg på søknad frå eigar.

1. Ferdigstilte restaureringsprosjekt som er prioritert i planen

Pr. 1. mai 2021 er følgjande prosjekt ferdigstilt

År	Prosjekt	Prioritering i planen	Tilskot post 79
2014	Sel på Hjølmo	Selet er omtala i planen men ikkje på prioriteringslista då det var løyvd midlar til dette prosjektet før planen var ferdigstilt.	320 000
2015	Stokko, utløe 1	7 i området Undredal med tilhøyrande stølar	90 000
2015	Stokko, utløe 2	8 i området Undredal med tilhøyrande stølar	50 000
2015	Nedbergo, stabbur Tilskotet i 2015 var ei tilleggsøyving til ferdigstilling av prosjektet.	Tiltaket hadde fått tilskot i 2013 og var av den grunn ikkje prioritert i planen	150 000
2016	Løe på Gudvangen gard Delprosjekt, fekk ytterlegare midlar i 2017.	1 i området Nærøydalen	120 000
2017	Løe på Gudvangen gard	1 i området Nærøydalen	339 000
2017	Hansaløa i Undredal	Bygningen er omtala i restaureringsplanen, men har ikkje blitt tatt med på prioriteringslista, då det	740 000

		i 2014 var lite sannsynleg at den skulle bli sett istand.	
2018	Låvebru på Gudvangen gard	1 i området Nærøydalen	60 000
2018	Løa i Kløvatunet	2 i området Bakka Tufto	130 000
2019	Hjølla naustet	9 i området Undredal med tilhøyrande stølar	370 000
2019	Løe på Ramsøy	1 i området Ramsøy	208 000
2020	Høyløe på Stokko	Omtala i planen men ikke prioritert.	95 000

2. Starta men ikkje ferdigstilte restaureringsprosjekt som er prioritert i planen

Oversikta nedanfor viser status for prosjekta pr. 1. mai 2021.

År	Prosjekt	Prioritering i planen	Tilskot
2014	Edling-Hans-stova Prosjektet er kun delevis gjennomført i tråd med vilkår for tilskot. Delar av tilskotet er trekt tilbake som fylje av dette og at det ikkje er nytta innan fristen.	1 i området Undredal med tilhøyrande stølar	500 000
2015	Nedbergo, ostebu og geitefjøs. Ostebua er ferdig men geitefjøsen er ikkje oppattført.	1 i området høgdegardane Stigen og Nedbergo	Sjå tildeling til Nedbergo ovanfor.
2016	Øvste Stegen, eldhús/vedahus og mur Delar av prosjektet er ikkje gjennomført i tråd med vilkåra i tildelinga og delar av tilskotet er trekt tilbake.	3 i området høgdegardane på Stigen og Nedbergo	428 000
2017	Edling-Hans stova Tilskotet er trekt til bake grunna manglande tilbakemelding.	1 i området Undredal med tilhøyrande stølar	
2019	Eldhus på Bakka	5 i området Bakka og Tufto	410 000
2020	Sagentunet, driftsbygning	6 i området Bakka og Tufto	2 071 000
2020	Øvste Stegen, løa	2 i området Høgdegardane Stigen og Nedbergo	1 000 000
2021	Sagentunet, driftsbygning	6 i området Bakka og Tufto	1 965 000
2021	Øvste Stegen, løa	2 i området Høgdegardane Stigen og Nedbergo	675 000
2021	Høyløe på Melhus	Med i planen men ikkje prioritert. Melhus som kulturmiljø har 2 prioritering i denne planen.	80 000

3. Prosjekt som har fått midlar men som ikkje er starta opp

Oversikta nedanfor viser status på prosjekta pr. 1. mai 2021

År	Prosjekt	Prioritering i planen	Tilskot
2020	Kløvastova	Kløvatunet har 2 prioritering i området Bakka og Tufto	150 000
2020	Sel på Hjølmo	3 i området Dyrdal med tilhøyrande stølar.	121 000

4. Prosjekt som har fått midlar men som ikkje vert gjennomført



I nokon to tilfelle har prosjekt som har fått tilskot av ulike grunnar ikkje blitt gjennomført og tilskota er trekt tilbake og omfordelt til andre prosjekt i verdsarvområdet. Oversikta nedanfor viser desse prosjekta pr. 1. mai 2021.

År	Prosjekt	Prioritering i planen	Tilskot
2014	Fjøs på Solbakken i Undredal Midlane er trekt tilbake og omfordelt til andre prosjekt i fylket då tiltaket ikkje er starta opp og gjennomført innan fristen.	4 i området Undredal med tilhøyrande stølar	200 000
2017	Tobakkshuset på Tufto gard Eigar har sagt i frå seg tilskotet då tiltaket ikkje vert gjennomført. Tilskotet er omfordelt til andre prosjekt.	3 i området Bakka/Tufto	320 000

5. Prosjekt som ikkje er omtala i den opphavlege planen men har fått tilskot

I samband med at restaureringsplanen vart laga var det nokon områder/bygningars som av ulike grunnar ikkje var synfart og av den grunn heller ikkje tatt med i planen. Eigara av nokon av desse bygningane har søkt om og fått tilskot frå post 79 etter ei eiga vurdering av fylkeskommunen og når den tildelte ramma frå Riksantikvaren har gitt økonomisk rom for å løyve tilskot til bygningars som ikkje er nemnd i planen. Oversikta nedanfor viser status på prosjekta pr. 1. mai 2021.

År	Prosjekt	Status	Tilskot
2014	Våningshus på Øvste Stegen	Ferdigstilt	75 000
2017	Fristølen	Delar av prosjektet er ikkje gjennomført i tråd med vilkåra og delar av tilskotet er trekt tilbake.	320 000
2018	Fossestova	Ferdigstilt	100 000
2020	Stølshus på Snauasete	Starta men ikkje ferdigstilt.	199 000
2021	Naust i Undredal		290 000
2021	Røykehushus/utedo i Undredal		50 000



vestlandfylke.no